

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 21. mai 2019

Stad: Scandic Byporten i Oslo

Tilstades: Jon Rikard Kleven, Jarand Felland, Halfdan Haugan, Erik Skjervagen, Halvor Homme, Tarjei Gjelstad, Øystein Tveit, Sverre Sæter, Une Marit Tangen, Finn-Arild Bystrøm og Jan Myrekrok.
Meldt forfall: John Kleiv
Frå adm møte: Anne Aasmundtveit og Kyrre Einar Hegg
Telemark fylkeskommune: Tone Berge Hansen og Anne-Gro Ahnstrøm
Frå Haukelivegen AS: Børge Skårdal

Sak 18/2019 Referat frå rådmøtet 12. mars 2019

Vedtak: Referat frå rådmøtet 12. mars 2019 vart godkjent.

Sak 19/2019 Orienteringar

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

Fylkesmannen var representert ved strategidirektør Hans Bakke og kommunerådgjevar Vibeke Resch-Knutsen for å introdusere sistnemnde som ny kommunerådgjevar etter Stein Elseth.

Bærekraftig vidaregåande skule-tilbod i Seljord

Regionrådsleiar presenterte sluttrapport for *Bærekraftig vidaregåande skule-tilbod i Seljord*, eit prosjekt utført av Telemarksforskning på oppdrag frå Telemark fylkeskommune.

Vedtak: Orienteringane vart tatt til vitande

Sak 20/2019 Mulighetsstudie E-134/R41

Rapport Mulighetsstudie E-134/R41 vart presentert av Eva Preede, planleggar, og Karl Sandsmark, sjefsingeniør, i Staten vegsvesen. Mulighetsstudien skal danne grunnlag for politisk sak om bompengefinansiering av vegprosjekt i kommunane og fylkeskommunen.

For å gå vidare i ein slik prosess, er det naudsynt med likelydande vedtak i dei aktuelle kommunane der det blir gitt tilslutning til prinsipper og framlagte prioriteringar ein kan gå vidare på.

Under drøftingane vart det presisert at ein uansett jobber med statlege midlar parallelt.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet fattar eit prinsippvedtak der ein sluttar seg til mulighetsstudien med unntak av prioriteringsrekkefølgja, som blir slik:
Strekning 1: E134 X-Nordbygdivegen – Brunkeberg
Strekning 2: RV41 Brunkeberg – Vrådal
Strekning 3: E134 Særensrend – Vinje kyrkje*

Mulighetsstudien vert lagt fram til politisk behandling med ynskje om likelydande vedtak i Tokke kommune, Kviteseid kommune, Fyresdal kommune, Vinje kommune, Tokke kommune og Telemark fylkeskommune.

Sak 21/2019 Høyringsuttale til kunnskapsdokumentet «Ditt og Mitt Vestfold og Telemark».

Nye Vestfold og Telemark fylkeskommune har ambisjon om å vera ein sterk utviklingsaktør for den nye regionen. Som eit viktig grunnlag for å forme denne utviklingsrolla har Vestfold og Telemark fylkeskommune utarbeidd dokumentet «Ditt og mitt Vestfold og Telemark» som søker å gi eit grundig bilde av den nye regionen. Kunnskapsgrunnlaget er no sendt ut på høyring.

Innspel i råds møtet:

Innspel til planen er:

- at ein nyttar FN's bærekraftsmål som mal. Dei er gode indikatorar for måloppnåing, og ein meir moderne tilnærming til ein god planstruktur.
- kunnskapsdokumentet må ta meir omsyn til:
 - o auka attraktivitet ved å bygge spreiddt
 - o lange avstander
 - o at ein i distrikta er meir avhengig av å bruke bil
 - o betydinga av å legge til rette for næringsutvikling

Vedtak: *Regionrådsleiar innarbeidar innspela som kom fram i møtet i kunnskapsdokumentet «Ditt og mitt Vestfold og Telemark».*

Sak 22/2019 Høyringsuttale til særavgiftene på sjokolade- og sukkervarer og alkoholfrie drikkevarer.

Vedtak: *Regionrådsleiar får fullmakt til å utgreie den framlagte høyringsuttala nærare og for å sende denne til Finansdepartementet.*

Sak 23/2019 Førebuing til møte med Telemarksbenken.

Framlagte saker og rett tal på saker vart drøfta. Det kom framlegg om at det i framtida bør vurderast om at det er meir føremålsteneleg at ein legg fram rundt tre saker.

Færre saker kan vera meir forpliktande. Ein bør og vera meir tydelege på krav, og å etterspørre status.

Rådet ynskjer å ha ei meir inngåande drøfting om møteform og sakliste i møte med Telemarksbenken ved neste høve.

For å drøfte færre saker på dagens møte, vert det bestemt at følgjande to tema ikkje skal bli lagt fram for benken; *kraftinntekter* og *ressurskrevjande brukarar*.

Tema for dagen blir:

Sak	Presenterte ved
Domstolane	Tarjei Gjelstad
Sukkeravgifta	Erik Skjervagen
Vilkårsrevisjon	Jarand Felland
Politireformen	Halfdan Haugan
Luftambulanse	Jon Rikard Kleven
Regionalpakke E-134/r41	Jarand Felland
Skogsleiren	Erik Skjervagen

Vedtak: Vest-Telemarkrådet legg fram dei 7 ovannemnde saker

Sak 24/2019 Eventuelt

Ingen saker kom opp under eventuelt

Oppsummering frå møtet på Stortinget:

Frå Stortinget møte: Terje Aasland, Åslaug Sem Jacobsen, Lene Vågslid og Bård Hoksrud

Domstolane v/Tarjei Gjelstad

- Planen er at domstolkommisjonen skal legge fram ein struktur etter valet.
- Tilslutning i Telemark til høyringsuttala til Vest-Telemark, men Notodden og Hjartdal er usikre. Gjennomgang av handsaming i dei ulike partia, som og sluttar seg til høyringsuttala til Vest-Telemark.
- Det er stille om jordskifteretten, fokus er på tingretten.
- I omorganiseringsarbeidet blir statistikk isolert sett lagt til grunn, noko som opplagt vil føre til færre domstolar.

Tilbakemelding: Det å stå samla vil vera viktig. Digitalisering må vera eit argument for desentralisering. Ta direkte kontakt med Bård Hoksrud, Solveig S. Abrahamsen og Geir Jørgen Bekkevold. Spørre justisministeren om oppfølging. Arbeidsutvalet vart oppmoda til å ta denne kontakta. Åslaug Sem-Jacobsen opplyste i møtet om at SP har lagt fram følgjande forslag: «Stortinget ber regjeringa om å sørge for at avgjerder om samanslåing og felles leining av vanlege domstolar jordskifterettar stoppast fram til Domstolkommisjonens fullestendige utgreiing ligg føre i 2020».

Sukkeravgifta v/ Erik Skjervagen

Sukkeravgifta er ekstrem høg. Kombinert med 350 kroners grensa, blir det ei vanskeleg konkurransesituasjon for norske produsentar av sukkerfri brus og flaskevotn med kunstig smak. Det er ei manglande harmonisering av dagens særavgift på sjokolade og alkoholfrie drikkevarer. Avgifta er urimeleg og slår ut feil.

Vilkårsrevisjon ved Jarand Felland

Dette er ei særdeles viktig sak. Det var gjort feil i ei anna tid. Det bør vera mogleg å gjera miljøtiltak. Ei mogleg løysing er å jobbe med eit dokument 8 forslag.

Det er ulike haldningar i ulike selskap. T.d. godkjenner Skagerak minstevassføring og har ei anna haldning enn t.d. Statskraft og lokale selskap.

Vilkårsrevisjonen må ta inn dagens krav til miljø slik at det blir foretatt miljømessige endringer.

Tilbakemelding: Ta temaet opp direkte med næringsministeren. Bård Hoksrud tar gjerne imot dokumentasjon.

Politireformen ved Halfdan Haugan

Halfdan la fram eit opprop på 3 punkt til Telemarksbenken som dei kan ta med inn i sine partigrupper:

1. Ta tid til å gjennomføre reformen på en skikkeleg måte, og lytt til innspel frå politiet og kommunane og juster kursen viss det er nødvendig.

2. Syt for auking av ressursar og nok folk. Auka bemanning i distrikta, ikkje bare i politidirektoratet.

3. Still krav til innhald, til politikraft og forebyggjing, i byane og på bygda. Målet ville ikkje vera å leggje ned mest mogleg, men å sikre gode tenester til innbyggjarane.

Sjå vedtlagt notat.

Luftambulansse ved Jon Rikard Kleven

Det er ingen lokaliseringsstrid. Vestfold og Telemark står samla om at basen bør ligge i Vinje – der trongen er størst. Fylkesordføraren i Telemark har uttalt at han vil jobbe for at Telemark får ein base lokalisert til Vinje. Ei lokalisering i Vinje vil dekkje maksimalt av det området som i dag manglar dekning innafor normert responstid. Den vil dekkje heile det indre Sør-Noreg.

Sjå vedlagt notat.

Regionalpakke E-134/R41 ved Jarand Felland

Orientering om Mulighetsstudie E-134/R41 som vart lagt fram i rådsmøtet tidlegare på dagen.

Mulighetsstudien skal danne grunnlag for politisk sak om bompengestasjon plassert på kommunegrensa mellom Seljord og Kviteseid. Det er mange trafikale utfordringar på E134 og R41 som det er behov for å utbetre.

Det er eit sterkt politisk ynskje om statleg støtte til utbetring av farlege strekningar.

Stortingsbenken vart samde i at R41 er ein forsømt riksveg.

Skogsleiren ved Erik Skjervagen

Skogsleiren er sikra ut 2019, så ein er klart svært bekymra for kva som skjer vidare.

Tidl. Justisminister Anders Anundsen er engasjert i arbeidet med å oppretthalde skogsleiren.

Skogsleiren tilbyr ei soning med fokus på rehanbilitering. Leiren kan vise til gode resultat og er særdeles kostnadseffektiv. Dette er ein annan soningsform enn dei som soner med fotlenge eller sit i lukka fengsel. Det blir hevda at det ikkje er behov for slike lågrisikofengsel, at det er nok soningsplassar i landet. Men Håvet måtte bli opna igjen etter kun å ha vore stengt i nokon få veker. Politisk er det ei utfordring med at det er ei fleirtalsregjering, og regjeringa vil legge ned alle lågrisikofengsel.